



Aktieselskabet Tyssefaldene  
Salthellervegen 2  
5770 Tyssedal

**Dykkar ref.**

**Vår ref.**

23/3139-3 /HAP53279/23/26975

**Arkiv:**

**Dato**

23.10.2023

## Uttale til fjerning av gamle kraftmaster

Ullensvang kommune har motteke søknad frå Tyssefaldene AS om å få riva 6 av 8 master som står igjen av dei totalt 86 kraftmastene frå ca. 1908. Dei attståande mastene er lokalisert i Tyssedal og ved Bispen langs Tyssedalsvegen. Søkjer kjem med forslag om at to av mastene kan stå att mot at kommunen eller anna instans overtar ansvaret etter dei er opprusta.

Utviklingskomiteen i Odda kommune ga i 2005 løyve til å riva mastene med unntak av 16 master. Pr. dags dato er det 8 master som står igjen.

Mastene er bland dei første som vart bygd i landet og bland dei eldste attståande mastene i landet. Føremålet med mastene var å få levert straum frå kraftstasjonen i Tyssedal til Smelteverket i Odda. Mastene er statleg listeførte kulturminne som er ein viktig historisk verdi for kraft- og industrihistoria til Tyssedal og Odda. Kraftmastene er ikkje verna.

Mastene er prega av dårleg vedlikehald og det er naudsynt med ei opprusting av mastene, seinast innan 5 år jf. rapport frå Norconsult om tilstanden til mastene. Odda mekaniske verkstad gav i 2002 ein uforpliktande pris på 8 424 000,- kr for å restaurera dei attståande mastene i Tyssedal.

Administrasjonen i Ullensvang kommune ynskjer å sjå på moglegheitene for å bevare mastene, for å ivareta den kulturhistoriske verdien dei har.

Ullensvang kommune ynskjer innspel til saka før vi handsamar den vidare.

Innspel til saka sendast til [postmottak@ullensvang.kommune.no](mailto:postmottak@ullensvang.kommune.no) og merkast med «innspel til fjerning av gamle kraftmaster». Uttalefrist er sett til 13.11.2023.

Vedlagd ligg søknadsbrev, tilstandsrapport og brev frå NVE.

### Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Org.nr 920 500 633

### Kontakt oss

Opheimsgata 31  
5750 Odda

[postmottak@ullensvang.kommune.no](mailto:postmottak@ullensvang.kommune.no)

### Besøk oss i

rådhuset i Odda  
kommunehusa i Kinsarvik og Jondal

> [www.ullensvang.kommune.no](http://www.ullensvang.kommune.no)



Venleg helsing

Håvard Apold  
Samfunnsplanleggjar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Vedlegg  
Søknadsbrev fjerning kraftmaster juni23  
Gamle kraftmaster-NVE kommentarer sept22  
Rapport Norconsult final